



Skjåk kommune  
Moavegen 30  
2690 SKJÅK

Deres referanse  
Vår referanse 2014/4956-2 433.52 SGR  
Saksbehandler Stein Egil Granli, tlf.  
Avdeling Miljøvern avdelingen

Dato 28.07.2014

## Løyve til skadefelling av ein jerv i delar av Skjåk og Lesja kommuner

Fylkesmannen i Oppland viser til munnleg søknad frå Skjåk kommune måndag 28. juli kl. 10:45 om skadefellingsløyve på ein jerv, samt skriftlig søknad frå Skjåk kommune same dag og klokkeslett.

**Med heimel i naturmangfaldlova § 18 bokstav b) og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. §§ 1 og 3, gjev Fylkesmannen i Oppland skadefellingsløyve på ein jerv i delar av Skjåk og Lesja kommunar i perioden 28. juli 2014 kl. 11:45 til 4. august 2014 kl. 12:00. Skjåk kommune er ansvarleg for fellingsforsøket. Vi har lagt vesentleg vekt på at det er konstatert to eldre kadaver av lam og to ferske kadaver dokumentert forårsaka av jerv (ca 1-2 dg gamle) samt opplysningar om sakna lam i området. Nærmare vilkår følgjer av dette brevet.**

Dette vedtaket ble gjeve munnleg til søkar Skjåk kommune, ved Susanne Ramstad Brenna kl. 11:45 den 28. juli. Rovviltnemnda v/leiar er orientert om vedtaket.

### Bakgrunn

Den 27. juli meldte SNO om to eldre kadaver av lam og to ferske kadaver av lam i området Torrdalen/Føysa i Skjåk kommune. Dei to ferske skadane er dokumentert tatt av jerv, mens dei to eldre kadavra var for opptne til å kunne dokumentere skadegjører. Den 28. juli kl. 10:45 søkte Skjåk kommune om skadefellingsløyve med bakgrunn i dei fire skadene og opplysningar om at det mangla ein del lam i området. Med bakgrunn i oppgjeve skadeomfang og opplysningar om sakna lam gav Fylkesmannen skadefellingsløyve. Dette vart formidla til Skjåk kommune kl. 11:45.

Kommunen opplyser at det er 2000-2500 sauer i det aktuelle beiteområdet innan Skjåk kommunes grenser. Det visast også til at fleire saueigarar har gått ekstraordinært tilsyn aust for Føysa. Dei melder om manglande lam, men ikkje ytterlegare funn av kadaver.

### Lovgrunnlaget

Det rettslege grunnlaget for avgjerda er Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald § 18 første ledd b) og § 77, jf. forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskriften) § 9.

### Naturmangfaldlova § 1 (formål):

”Lovens formål er at naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for

menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.”

Naturmangfaldlova § 18 (annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene):

«Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk

- a) for å beskytte naturlig forekommende planter, dyr og økosystemer,
- b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom,
- c) for å ivareta allmenne helse- og sikkerhets hensyn eller andre offentlige interesser av vesentlig betydning,
- d) (...)

Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.(...)»

Rovviltforskriften § 1 (formål):

”Formålet med denne forskrift er å sikre en bærekraftig forvaltning av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Innenfor en slik ramme skal forvaltningen også ivareta hensynet til næringsutøvelse og andre samfunnsinteresser. Forvaltningen skal være differensiert slik at hensynet til ulike interesser vektlegges forskjellig i ulike områder og for de ulike roviltarter.”

Rovviltforskriften § 9 (fylkesmannen sin myndighet til å iverksette betinget skadefelling):

”Ved vurdering av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til

- a. områdets betydning som beitemark
- b. skadenes omfang og utvikling
- c. potensialet for fremtidige skader
- d. muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak

Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, metoder for felling og utbetaling av fellingsvederlag og/eller dekning av påløpte utgifter med unntak av lønn mv. i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf viltloven § 35.”

I henhold til § 9 i forskriften kan Fylkesmannen gi fellingsløyve for å forhindre framtidig skade innanfor ramma av kvote for betinget skadefelling gitt av roviltnemnda, jf. forskriften § 8. Nemnda vedtok i møte 15. mai 2014 en skadefellingskvote på 4 jerv. Pr. i dag er det ikkje felt dyr av kvota.

**Fylkesmannens vurdering**

Etter naturmangfaldlova § 5 er det eit mål at artane og deira genetiske mangfald blir ivaretatt på lang sikt og at artane opptre i levedyktige bestandar i deira naturlege utbreiingsområder. Tiltak etter naturmangfaldlova skal likevel vurderast mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Ei slik vurdering skal ikkje medføre at målet i § 5 sjåast bort ifrå, men at tiltaket vil kunne føre til at målet i § 5 blir nådd på annan måte eller i anna tempo enn om naturmangfaldet var det einaste omsynet å ta, jf. også prinsippet om geografisk differensiert roviltforvaltning. Naturmangfaldlova § 5 og prinsippet om geografisk differensiert forvaltning er konkretisert gjennom §§ 3 og 4 i roviltforskriften og gjennom forvaltningsplanen for rovilt i region 3. Bestandsmålet for jerv i Oppland er 4 årlige ynglingar.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet. Fylkesmannen har nytta eksisterande kunnskap

om jerv i behandlinga av saken, jf. § 8. Det er foreløpig registrert sju ynglingar av jerv i Oppland sist vinter (Rovdata leverer sin statusrapport rundt 1. oktober 2014). Fem av disse ynglingane er innanfor jerveprioritert område, de to resterende utanfor. Det er gjort hiuttak på ein lokalitet innanfor jervesona, samt på de to lokalitetane utanfor. Totalt er det tatt ut 8 dyr gjennom hiuttak (7 valpar + ei tise). Gjennom statusrapporter frå Rovdata og annen informasjon frå overvakinga og skandinaviske forskingsprosjekt på jerv er det god kunnskap om den samla belastninga som jervebestanden blir utsatt for, jf. naturmangfaldlova § 10. DNA-overvaking av jervestamma gir også eit verdifullt supplement til ynglere registreringane.

Ut over enkelte påkjørsler og predasjon skjer avgangen av jerv i hovudsak gjennom lisensfelling og skadefelling.

Tilfelle der det nylig har skjedd angrep som også ligger an til å fortsette, ligger i kjernen av virkeområdet for når Fylkesmannen kan gi fellingsløyve etter § 9 i rovviltforskriften. Skadeområdet ligger innanfor jerveprioritert område, jf. rovviltnemnda sin forvaltningsplan. Terskelen for skadefelling av jerv skal være høgare her enn utanfor jerveprioritert område, jf. forvaltningsplanen og prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Fylkesmannen meiner beitenæringa i det aktuelle området står overfor pågåande tap til jerv av eit omfang som gir grunnlag for skadefellingsløyve, samt at potensialet for vidare tap er stort, jf § 9 b og c. Fylkesmannen meiner det ikkje er hensiktsmessig eller praktisk mulig å gjennomføre alternative førebyggjande tiltak til skadefelling, som i tilstrekkelig grad kan forhindre skade ut frå den akutte tapssituasjonen, jf. rovviltforskriften § 9 d.

Fylkesmannen har vurdert den samla belastninga som jervebestanden er og vil bli utsatt for, og meiner at vedtaket ikkje er i strid med prinsippet i § 10 i naturmangfaldlova. Ut frå nemnte bakgrunn over vurderer vi at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkelig, og vi har derfor lagt liten vekt på føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9. Etter vår vurdering er § 11 ikkje relevant her. Vi legger til grunn at den nasjonalt fastsette fordelinga av talet på ynglingar av jerv til de ulike forvaltningsregionene, og rovviltnemndas geografisk differensierte forvaltning av jerv i Oppland, oppfyller de omsyn som er nedfelt i naturmangfaldlova § 12.

### **Vedtak**

*Med heimel i naturmangfaldlova § 18 bokstav b) og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. §§ 1 og 3, gir Fylkesmannen i Oppland skadefellingsløyve på ein jerv i delar av Skjåk og Lesja kommunar i perioden 28. juli 2014 kl. 11:45 til 4. august 2014 kl. 12:00. Skjåk kommune er ansvarleg for fellingsforsøket. Vi har lagt vesentleg vekt på at det er fire skadar av jerv i området, der to skader er ferske (ca 1-2 dg gamle), og opplysningar om ein del sakna lam i området. Skadeområdet grensar inn til Lesja kommune, og skadefellingsområdet omfattar dermed også delar av Lesja kommune.*

Følgjande vilkår gjeld for fellingsløyvet:

1. Familiegrupper av jerv som opptrer saman er unntatt frå skadefellingsløyvet. Dei tiltak som er mulige for å unngå at ei familiegruppe felles skal vere gjort.
2. Skadefellingsforsøket skal etter beste evne rettast mot skadegjerande individ. Innsatsen bør styrast mot der tapa sist har skjedd, og der de eventuelt utviklar seg vidare.
3. Skadefellingsområdet er avgrensa til å gjelde nord for rv 15 i Skjåk, opp langs elva Vulu og Vuludalen til fylkesgrensa mellom Oppland og Møre og Romsdal, langs fylkesgrensa til E136 i Lesja, E136 ned til Lordalen, Lordalen vestover til Aursjoen i Skjåk og deretter vegen frå Aursjoen til rv 15.  
Kartutsnitt med områdeavgrensing er vedlagt.
4. Skadefellingsløyvet gjeld i tidsrommet 28. juli 2014 kl. 11:45 til 4. august 2014 kl. 12:00.

5. Dersom det gis skadefellingsløyve i fleire områder samtidig, vil skadefellingsløyvet inndras umiddelbart dersom kvota for betinga skadefelling blir fylt.
6. Det skal nyttas våpen og ammunisjon som tilfredsstillar krava til jakt på jerv, jf. Forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
7. Fylkesmannen og Statens naturoppsyn skal utan opphald underrettes om alle tilfelle der dyr skyttast på, blir såra eller felles. Dersom dyr blir skadeskutt plikter dei ansvarlege å gjøre det dei kan for å avlive dyret snarast mulig. Skyttar plikter å forvise seg om at påskott dyr er truffet eller ikkje. Fylkesmannen avgjør vidare gjennomføring og avslutning av ettersøk. Dei som har deltatt i forsøket på skadefelling skal utan godtgjørelse bistå forvaltningsmyndighet eller politimyndighet i det vidare ettersøk.
8. Den som feller dyr skal framvise felt dyr for Statens naturoppsyn for umiddelbar kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale, og skyttar skal kunne påvise fellingssted etter spørsmål frå Statens naturoppsyn, politiet eller Fylkesmannen.
9. Jerv felt i medhald av dette løyvet er Viltfondets eigedom. Ingen kan derfor på noen måte gjøre seg nytte av felt dyr utan nærmare samtykke frå Miljødirektoratet.
10. Skadefellingsløyvet gis til Skjåk kommune. Berre personer som er oppnevnt til kommunalt skadefellingslag kan delta i skadefellingsforsøket. Kommunen skal sende ei oversikt over deltakerane i skadefellingslaget til Fylkesmannen, dersom dette ikkje er gjort tidlegare i år. Det er ei forutsetning at kommunen syter for at alle som deltar i skadefellingslaget er kjent med dette brevetts innhald, samt dei generelle gjeldende bestemmelsene i rovviltforskrifta og forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst.
11. Deltakarane i skadefellingslaget skal ved bruk av rifle ha avlagt skyteprøve seinast i 2013, og være registrert som lisensjegerar.
12. Ansvarlig skadefellingsleder kan, dersom det blir vurdert som aktuelt, sjølv ta kontakt med SNO for eventuell bistand. Slik bistand kan bestå av f.eks. kompetanseoppbygging/opplæringstiltak. SNO vil vurdere eventuelle henvendelser bl.a. med bakgrunn i egen kapasitet.
13. Skadefellingsforsøk og skadefelling i medhald av dette løyvet kan skje utan omsyn til grunneigarretten, jf. Lov om jakt og fangst av vilt § 35.
14. I henhold til rovviltforskriften § 9a skal deltakerar i det kommunale skadefellingslaget få godtgjøring for tid som er nytta til skadefellingsforsøk. Deltakerar som mottar godtgjøring etter ordninga må være registrerte lisensjegerar, jf. rovviltforskriften § 15. Fylkesmannen legg til grunn at skadefellingsforsøket skal gjennomførast på ein effektiv og hensiktsmessig måte. Det blir satt av ei økonomisk ramme på inntil kr 40 000,-.

I tillegg til døgnseten (1 400,- pr døgn) skal kommunen også beregne feriepengar og arbeidsgjeveravgift, og dette skal kommunen dekke innanfor den ramma frå Fylkesmannen. Av kommentarane til forskriften går det fram også dei forhold som faller utanfor ordninga. Utbetaling skjer på grunnlag av disse vilkåra, samt rapport frå skadefellingsleiar om skadefellingsforsøket og den tid som er brukt. Fylkesmannen yter etter søknad tilskot til kommunen til dekning av godtgjøring utbetalt etter vilkåra nemnt over.

Kommunen kan søke om dekning for direkte og dokumenterte kostnader ved oppdraget, med ein øvre grense på inntil kr 10 000,-. Det er ikkje anledning til å bruke desse midlane til

lønnskostnader, dekning av administrative utgifter for kommunen mv. i tilknytning til lokalt organiserte jegerar i forbindelse med iverksetting av fellingsløyver.

Kommunane må sørge for at deltakerane i skadefellingslaget fører timelister og oversikt over kjørte kilometer mv. Kommunane skal sende skadefellingslogg til Fylkesmannen. Skadefellingslogg skal sendast innan tre uker etter at skadefellingsforsøket er avslutta. Ved behov for midler utover ramma må Fylkesmannen bli kontakta.

15. Ansvarlig skadefellingsleder skal rapportere kvar tredje dag om skadefellingsforsøket til Fylkesmannen, på telefon 61 26 60 00 eller 977 37 223.

### **Klageadgang**

Det kan klagast på vedtaket innan tre uker til Miljødirektoratet. Ei eventuell klage sendast til Fylkesmannen i Oppland.

Ola Hegge e.f.  
fung. avdelingsdirektør

Stein Egil Granli  
rådgiver

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift.

Kopi til:

Lesja kommune Postboks 53 2665 LESJA

Lom kommune (epost)

Vågå kommune (epost)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (epost)